

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 20. september 2019 10:46
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 32/2019, 20. SEPTEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 32/2019, 20. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.
Arkiv med tidlegare nyhendebrev:
<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

IVAR AASEN-HUSET: BETONGBITAR TRAFF BILAR - RESPEKTER SPERRINGANE!

Den 28. august ramla det ned bitar av fasaden på Aasen-huset og påførte nokre bilar skade. Volda kommune, som eig huset, vil setje i gang tiltak med å fjerne laus betong på fasaden. Inntil vidare ber vi alle om å respektere sperringa, og ikkje parkere eller bevege seg på avsperra parkeringsplassar. Og også ikkje stå eller gå ved fasaden på Aasen-huset. Volda kommune set i verk naudsynte tiltak, og økonomi/eigedom på HVO vil kome attende med meir informasjon seinare. Sjå også artikkel på Nærnett:
<http://www.nernett.no/artikler/nyhende/fasadenefall>

FORSKINGS DAGANE: UTDELING AV FOU-PRISEN I BIBLIOTEKET FREDAG 20.9. KL 11.00

Forskingdagane ved Høgskulen i Volda går 19.-26. september. Den offisielle opninga er fredag 20. september kl 11.00 med utdeling av FoU-prisen. På forskingsdagane kan du mellom anna få med deg laurdagskafé om tre i natur og kultur, panelsamtale om naturen som forbruksvare, foredrag om ei vandring i fjellet sin teologi og filosofi og filmkveld i Hjørundfjord Filmteater som byr på ein islandsk feel-good film.
<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/forskingdagane-2019-miljo-som-tema>

KLIMASTREIK PÅ HVO 20. SEPTEMBER

Student Raul Grau – Ruiz har engasjert studentane ved Høgskulen i Volda i ein miljøstreik initiert av Greta Thunberg, fredag 20 september. I Noreg er det tillyst klimastreik i Volda, Bergen, Stavanger, Trondheim og Oslo. Les meir om streiken her <https://globalclimatestrike.net/>

AHL HELDT KURS FOR 220 SKULELEIARAR I GEIRANGER

Heile 220 skuleleiingar frå grunnskular på Nordre Sunnmøre deltok på første samling i ei kursrekke i regi av Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) i Geiranger i førre veke. Tema for kurset var leiargruppeutvikling, og korleis møte Fagfornyninga i skulen. AHL er fagleg ansvarleg og kurset er utvikla i samarbeid med Sunnmøre regionråd, skuleeigarar og skuleleiingar. Spesielt kjekt var det at kurset fekk svært god respons frå deltakarane.

VOLDA-FORSKAR MYJKE SITERT I NOU

Førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid ved Høgskulen i Volda vart hyppig sitert i ei offentleg utgreiing. I NOU 2019:10 «Åpenhet i grenseland. Bilder, film og lydopptak i helse- og omsorgstjenesten, barnevernet, skolen og barnehagen» er det referert til Hovlid heile 33 stader. Hovlid er tilsett ved Avdeling for mediefag, men forskinga hennar har altså vorte lagt merke til langt utanfor det avgrensa mediefeltet.
Les NOU 2019:10 her:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-10/id2643015/sec1>
Ellen Hovlids nettside: <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-journalistikk/ellen-lexerod-hovlid>

STUDENTMEDIA ER PÅ LUFTA IGJEN: NÆRNETT, RADIO VOLDA, NÆRSYNET, NÆRAVISA

Praksisperioden for journaliststudentane har no teke til, og alle øvingsmedia er no på lufta. Nytt i haust er at Radio Volda også er å høyre på DAB. Nærnett er portalen å gå til for siste nytt frå Volda og regionen i vekene framover:
www.nernett.no

FORSKINGSMIDLAR FRÅ UH-NETT VEST: 2 MILL TIL SAMARBEIDSPROSJEKT

For 2019 er det sett av kr 2 mill til å styrke forskingssamarbeidet mellom institusjonane i UH Nett Vest. Søknader kan til vanleg få inntil kr 250.000, men i særlege høve kan det løyvast meir.

Midlane skal i hovudsak gå til einskildprosjekt der minst tre av institusjonane i UH-nett Vest står bak søknaden. Les meir på UH Nett Vest sine nettsider:

<https://uhnettvest.no/sok-forskningsmidler/>

PÅMINNING: UTDANNINGSKVALITET: UTLYSING AV NASJONAL PRIS FOR UTDANNINGSKVALITET FOR 2019 OG 2020

Kvalitetsorganet DIKU har utlyst den årlege prisen for kvalitet i utdanninga for 2019 og 2020. Frist for å kome med framlegg er 18.10.2019 for året 2019 og 31.1.2020 for året 2020. Institusjonar som vinn prisen får 1 million kroner.

Meir informasjon på DIKUs nettsider: <https://diku.no/programmer/utdanningskvalitetsprisen-for-hoeyere-utdanning>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø. <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/forskingsdagane-2019-miljo-som-tema>

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/search?OrderBy=Published&Period=All&employer=1599#1>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>